

## Føredragshaldar

Jordeplerock er ein musikkfestival for, av og med ungdomen i Lærdal, med fokus på lokal kultur og lokale matvarer. Eventyret starta med ungdomar og ein engasjert lærar heilt attende i 2011. Flestparten av grunnleggarane var då mellom 15 og 17 år. Festivalen byrja som eit utspring frå bulystprosjektet «Kulturbasert Entreprenørskap» i 2012 og hadde sin fyrste festival i 2013, med 800 gjester. I dag er Jordeplerock ein betydeleg festivalaktør i regionen med om lag 3800 gjester årleg. Stian Offerdal Vatlestad er ein av grunnleggarane av Jordeplerock, og er i dag festivalsjef og styreleiar. Han skal fortelje om reisa til Foreininga Jordeplerock, frå bulystprosjekt til ein av regionens største festivalar.



©Ole Ramshus Sællthun

Sogn kommunalt oppgåvefelleskap er eigd av dei seks kommunane i Sogn: Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Saman skal me fremje og vidareutvikle tenestesamarbeid i regionen vår. Entreprenørskap og kvalitetsutvikling av barnehagane og skulane i Sogn, gjennom prosjektet «System for styrka læring», bidreg til dette. Messa i Lærdal er den 15. i rekka som stiftinga Ungt Entreprenørskap, System for styrka læring og årets vertskommune arrangerer for ungdomsskulane i Sogn.



Barnehage- og skuleutvikling i Sogn 2022 - 2030

Samarbeidspartar:



Ei stor takk til våre sponsorar!

gasta.no Framsidefoto: Det lokale rockebandet Himmelstorm på Torsteinen ©Karoline Thyri




Barnehage- og skuleutvikling i Sogn 2022 - 2030

# Initiativ Skaparlyst Kreativitet

VELKOMMEN TIL  
ENTREPRENØRSKAPSMESSE!

Lærdalshallen i Lærdal  
16.april 2024 frå kl 10:00 til 14:30



# Velkommen til entreprenørskapsmessa i Lærdal

16. april går den 15. entreprenørskapsmessa i regi av System for styrka læring og Ungt Entreprenørskap av stabelen – då ønskjer me hjarteleg velkomne til oss! Me lever i ei verd med større og større moglegheiter – det finst eit hav av yrke ein kan satsa på, og er ein kreativ kan ein skapa det mest utrulege sjølv. Nettopp å sjå moglegheitene, prøva ut idéar og tora å vera kreativ er det entreprenørskap handlar om. Ingen har betre føresetnader enn ungdommen – når ein er ung får ein med seg trendar, lærer fort og har gjerne ein trong til å utforska.

Her i Lærdal finst mange døme på korleis skapartrong og vilje har vorte til verksemder og arbeidsplassar. Me har mellom anna kaféar, hotell, butikkar, snikkarverksemder og entreprenørar som finst fordi den som starta det tenkte noko slikt som at «dette kan bli noko», «dette har eg lyst til å driva med», «dette må eg berre prøva». Så har det gitt arbeid til ein sjølv og kanskje fleire og kanskje over mange generasjonar.

Det beste dømet på ungt entreprenørskap i Lærdal er festivalen Jordeplerock. Spiren vart sådd gjennom elevbedriftsarbeid på skulen og initiativ frå ungdomsrådet. I dag er dette ein av dei største festivalane i Sogn og gjev mange unge og eldre, både lærdøler, sogningar og andre eit høgdepunkt om somrane. Med andre ord - store draumar kan bli til røyndom når ein foreinar ungdommeleg drivkraft med kunnskap frå skulefaga og kunstane samarbeid og organisering. Me gler oss til å sjå nye idéar under entreprenørskapsmessa i Lærdal 16. april!

Audun Mo, ordførar

Konferansierane f.v: Theodor Njåstad Blaaflat, Fredrik Rumohr, Martin Eri, Jonathan Aspevik



Ordførar Audun Mo



## Program

- Kl. 09.30 – 10.00 Rigging/ klargjering av elevbedriftene
- Kl. 10.00 – 10.30 Opningsarrangement
- Kl. 10.30 – 14.00 Besøk på stand, plenumsforedrag og besøk til lokale bedrifter
- Kl. 14.00 – 14.30 Avslutningsarrangement med premieutdeling